

Postmottaket


Fra: Sigrunn Kvåle [sigrunn.kvaale@leikanger.kommune.no]

Sendt: 16. desember 2003 11:08

Til: Postmottaket

Kopi: Bjarne Njøs; Odd Arve Rakstad

Emne: Nærings- og miljøtilskot i landbruket.



Your mail has been scanned by InterScan.

*****-*****

Vedlagt følger uttale fra Leikanger kommune vedkommende høyring på utkast til ny forskrift for tilskot til nærings- og miljøtiltak i skogbruket.

Med helsing
Sigrunn Kvåle

SAKSFRAMLEGG

Saksbehandler: Gjert Heiberg
Arkivsaksnr.: 03/00718

Arkiv:
A

HØYRING VEDKOMMANDE TILSKOT TIL MILJØTILTAK I LANDBRUKET OG NÆRINGS- OG MILJØTILTAK I SKOGBRUKET.

ADMINISTRATIV UTTALE FRÅ LEIKANGER KOMMUNE:

::: Sett inn innstillingen under denne linja ↓

Konklusjonen på høyringsuttalen i dette notatet er, at det er svært uheldig at staten legg så sterke føringar på tilskott som kommunane skal formidla. Slike føringar vil hindra kommunane i å nytta tilskotta slik at dei gjer mest mogeleg nytte lokalt. Med slike føringar som at maksimalt 50% av støtten til skogbrukstiltak i kommunane kan nyttast til skogsvegbygging, er det stor risiko for feilinvesteringar. Det er ikkje sikkert at ein kan finna fornuftige tiltak for halvparten av det tildelte beløp i kvar kommune, når ein heller ikkje kan gje støtte til planting eller til togbanedrift. Best mogeleg lokal nytta av tilskotta gjev og best nytte nasjonalt.

Tildelinga av tilskott til nærings og miljøtiltak i skogbruket har tidlegare vore styrt gjennom byråkratiet- frå landbruksdepartementet til fylkesmennene. Med denne omlegginga vil kommunane sjølv kunna prioritera kva for tiltak dei vil støtta. Men omlegginga vil vera mindre effektiv så lenge landbruksdepartementet legg så sterke føringar på korleis statstøtta skal nyttast.

::: Sett inn innstillingen over denne linja ↑

DOKUMENT:

- Høyring på utkast til forskrift om tilskot til spesielle miljøtiltak i landbruket og forskrift om tilskot til nærings- og miljøtiltak i skogbruket, frå LD 03.11.03. Frist. 11.12.03.

... Sett inn saksutredningen under denne linja ↓

SAKSUTGREIING:

Utkastet til forskrift om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket er heimla i jordlova av 12 mai 1995 og skal erstatta 7 eldre forskrifter, jamfør s. 4 i utkastet. Forskrifta skal gje kommunane utstrakt vedtaksmynde i bruk av statlege tilskott. I følge høyringsbrevet frå landbruksdepartementet er formålet å styrka det lokale sjølvstyre, og er ei vidareføring av arbeidet med å overføra oppgåver i landbrukspolitikken til lokaldemokratiet, jamfør St. meld.nr.1 (2001-2002) Formålsparagrafen i sjølve forskrifta er "Formålet med tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket er ut fra lokale prioriteringer og tilpasningar, å bidra til å fremme økt utnyttelse og verdiskapning i skogbruket samtidig som miljøverdiene blir ivaretatt og videreutviklet"

Landbruksdepartementet legg likevel sterke føringar på korleis støtta til skogbruket skal nyttast. I kapittel 2 i utkastet til forskrifta heiter det såleis at det kan gjevast tilskott til skogkultur, men det er ikkje høve til å gje tilskot til planting eller såing. Med unnatak i år (2003) har staten gitt stønad til skogplanting i om lag 100 år. Det er lita tvil om at planting er det viktigaste kulturtiltaket innafor kunsten å dyrka skog. Hovudparten av statsstøtta til skogkultur har gått til planting. Stort sett har det vore semje om at dette har vore fornuftig politikk, mellom anna av det planting er det tiltaket der det tek lengst tid før ein får nytte av investeringa. Mange kommunar gjev tilskott til planting av egne midlar. Det er såleis ikkje samsvar mellom formålet med omlegginga (styrking av lokaldemokratiet- imøtekomma lokale prioriteringar og tilpasningar) og dei føringane på bruk av tilskotta som vert gitt i utkastet til forskrift.

I kapittel 5 heiter det at det er ikkje høve til å gje tilskott til togbanedrift. I om lag 20 år har staten gitt stønad til togbanedrift, og mange privatpersonar har investert i kostbare togbaner i tru på at ordninga ville fortsetja. Også i år (2003) vert det gitt stønad til togbanedrift. I høve til dei store pengesummane som har vore gitt i stønad til planting, er det "småpengar" som har vorte gitt til stønad til drift i vanskeleg terreng. Støtta har likevel hatt mykje å seia lokalt. Med dei store variasjonane i vilkåra for framdrift av tømmer som det er i Norge, er det ikkje logisk å forby kommunane å gje statstilskot til togbanedrift, dersom ein skal ta på alvor at formålet med omlegginga er å imøtekomma lokale prioriteringar og tilpasningar.

I høyringsbrevet frå landbruksdepartementet vert det opplyst om at i tildelingsbrevet for tilskott frå landbruksdepartementet til fylkesmennene og vidare til kommunane vil ligga avgrensingar i bruk av midlane. Tilskott til skogsvegar skal maksimalt utgjera 50% av det tildelte beløp i den enkelte kommune. Dette står alså ikkje i sjølv forskrifta, men det syner at departementet kan styra bruken av midlane ved å setja vilkår for tildelinga. Eit slikt vilkår tek ikkje omsyn i det heile for lokale prioriteringar og tilpasningar. I skogkommunane på Austlandet (og lokalt einskilde plassar på Vestlandet) er skogsvegbygginga stort sett avslutta, medan der det har vore dreve skogreising er bygging av skogsvegar knapt byrja. Det er heilt naudsynt å byggja skogsvegar på Vestlandet i mange år framover dersom ein skal kunna ta ut tømmeret som etter kvart vert hogstmoge.

... Sett inn saksutredningen over denne linja ↑